

Sak 1/25 Praksisbesøk i pedagogikk våren 2025

Notat frå Lektorsenteret

Orienteringssak

Notat

Til: Styringsgruppa for lektorutdanninga
Møte: Sirkulasjonssak

Elements: 25/69

Bakgrunn

I e-post datert 13. desember 2024 sendte fakultetsleiinga ved Det psykologiske fakultet melding til lektorsenteret om at det ikkje er bemanningsmessig kapasitet til å gjennomføre praksisbesøk frå pedagogar for lektorstudentane våren 2025 (jf. vedlegg). Årsaka er den svært vanskelege økonomiske situasjonen ved fakultetet, som medfører at fakultetet må gjere prioriteringar for å få undervisinga på studieprogramma til å gå rundt.

Fakultetet oppgjer at Institutt for pedagogikk vil kunne stille med pedagog i tilfelle der det blir rapportert om tvil ved godkjenning av praksis, men ikkje i andre tilfelle. For PPU, der studentane er inne i eit eittårig studieløp, vil pedagogane gjennomføre praksisbesøk som vanleg.

Etter initiativ frå lektorsenteret vart det arrangert eit dialogmøte om saka mellom lektorsenteret og leiinga ved Det psykologiske fakultet og Institutt for pedagogikk 14. januar 2025.

Saka har prinsipielle, praktiske, ressursmessige og potensielt omdømmemessige aspekt ved seg som gjer det naturleg å orientere styringsgruppa, og å gi styringsgruppa høve til å kome med innspel.

Ordninga med praksisbesøk

Ordninga med praksisbesøk er knytt til krav og målformuleringar i styringsdokument som forskrift om rammeplan for lektorutdanning 8–13, nasjonale retningslinjer for lektorutdanning og forskrift om skikkethet. Ved UiB inngår praksisbesøk både som del av underevgsvurderinga og sluttvurderinga av praksis. I tillegg er det rekna som ein del av arbeidet med å styrkje samanhengen mellom praksis og undervisinga i pedagogikk, fagdidaktikk og disiplinlag.

Retningslinjene for praksisbesøk i lektorutdanninga ved UiB gir desse føringane for omfanget av praksisbesøk:

«Hver student får vanligvis fire praksisbesøk, to besøk pr. langpraksisperiode. Tre av besøkene er vanligvis fra fagdidaktikere, ett er fra en pedagog. Det er en målsetning at studenter med praksis i to skolefag totalt får to besøk i hvert av disse skolefagene.»

Omfanget av praksisbesøk er ikkje talfesta i nasjonale styringsdokument. Det som er talfesta ved UiB er formulert som retningslinjer, fastsett av styrings- og drøftingsorgana i lektorutdanninga.

At det «vanligvis» skal vere fire praksisbesøk, betyr at retningslinjene ikkje er absolutte. Retningslinjene blir normalt følgde, men det er tilfelle der UiB ikkje klarer å få til så mange

besøk, primært pga. sjukdom. I studieåret 2018/2019 vart det gjort nokre unntak og tilpassingar for einskildfag i PPU etter prosessar i dei faglege organa for lektorutdanninga.

Konsekvensar

Den tradisjonelle fordelinga på $\frac{1}{4}$ av praksisbesøka til pedagogikk og $\frac{3}{4}$ til fagdidaktikk i fag 1 og fag 2, tilseier at i løpet av to semester (med to praksisbesøk per student) vil alle studentar normalt få minst eitt praksisbesøk av ein pedagog. Dersom det ikkje blir praksisbesøk frå Institutt for pedagogikk våren 2025, vil konsekvensen vere at halvparten av dei rundt 120 studentane i kullet ikkje har fått praksisbesøk av pedagog. Det psykologiske fakultet viser i den samanhengen til at studentane har hatt fagleg oppfølging i pedagogikk over eit langt tidsspenn. Sidan studentane vil få besøk av minst éin fagdidaktikar våren 2025, er det fakultetet si vurdering at praksisoppfølginga er teken godt vare på.

Lektorsenteret meiner at dei faglege konsekvensane av tiltaket ved Det psykologiske fakultet bør bli behandla i praksisutvalet og programstyret. I desse organa blir det for tida arbeidd med saker knytt til gruppepraksis som på sikt kan ha innverknad for omfanget av praksisbesøk.

Med tanke på det tverrfakultære samarbeidet som lektorutdanninga er basert på, er det generelt viktig at tiltak som har konsekvensar for heilskapen i lektorutdanninga vert forankra og behandla i dei relevante faglege organa for lektorutdanninga.

Orientering og innspel

Sidan saka har prinsipielle, praktiske, ressursmessige og potensielt omdømmemessige implikasjonar som angår lektorutdanninga som heilskap, er det naturleg at styringsgruppa blir orientert, og får høve til å gi innspel i saka, dersom ein ønskjer det.

Innspel kan sendast til lektorsenteret@uib.no innan 29. januar kl. 12.00.

VEDLEGG:**E-POST FRÅ DET PSYKOLOGISKE FAKULTET, 13.12.24**

Fra: [Anne Kristin Lamo Aanstad](#)
Til: lektorsenteret@uib.no
Kopi: [Kjersti Elisabet Lea](#); [Norman Anderssen](#); [Øystein Steine Larsen](#); [Ove Christian Borge](#)
Emne: Melding til lektorsenteret - ikke praksisbesøk 5LU vår 2025
Dato: fredag 13. desember 2024 07:54:49
Vedlegg: [image001.png](#)
[image002.png](#)

Til lektorsenteret

På grunn av Det psykologiske fakultets økonomisk svært vanskelige situasjon, må vi gjøre prioriteringer for å få undervisningen på studieprogrammene til å gå rundt. For institutt for pedagogikk sin del betyr dette dessverre at det ikke er bemanningsmessig kapasitet til å gjennomføre skolebesøk fra pedagoger for 5LU-studentene våren 2025.

Vi har etter å ha rådført oss med fagmiljøet kommet fram til at det at studentene ikke får pedagogbesøk i andre langpraksis, er det tiltaket som går minst ut over kvaliteten på utdanningen. Alternativene, som å øke seminargruppestørrelsen eller kutte veiledning til studentene, vil i større grad påvirke studiekvaliteten, slik vi ser det. Studentene er inne i sitt åttende semester med lærerutdanning og har hatt faglig oppfølging over et langt tidsspenn. De har alt hatt tre perioder med kortpraksis og hadde også en langpraksisperiode i sitt syvende semester der de hadde to praksisbesøk. De vil også få praksisbesøk fra minst en fagdidaktiker våren 2025. Praksisoppfølgingen er dermed godt ivaretatt.

Institutt for pedagogikk vil kunne stille med pedagog i tilfeller der det blir rapportert om tvil vedrørende gjennomføring av praksis, men ikke ellers.

For PPU, der studentene kun er inne i et ettårsløp stiller det seg annerledes. Der vil pedagogene gjennomføre praksisbesøk som vanlig.

Vennlig hilsen

Norman Anderssen
Dekan

Anne Kristin L Aanstad
Fungerende fakultetsdirektør



Anne Kristin Aanstad
Fungerende fakultetsdirektør
Seksjonssjef, Forskningsseksjonen
Det psykologiske fakultet
Universitetet i Bergen
www.uib.no
Tlf: +47 55 58 20 10
Mobil: +47 91 62 00 15

